Prekenknagger: Kristi himmelfart til Sankthans 2021

Hvordan skrive en preken om misjon i tida mellom Kristi himmelfart og Sankthans? Her er noen stikkord—eller knagger— som kan være til hjelp for å se det misjonale og internasjonale perspektivet i søndagens tekst. Bruk dem til andakter, prekener, internettvideoer eller annet!

Helgetorsdag – 13. mai

Alt L1 Apg 1, 1-11; L2 Rom 10,6-10; E Luk 24, 46-53

- Aktuelle tema: Helgetorsdag. Dagen som stadfestar at kyrkja er misjonal: Sendt ut for dele evangeliet i ord og handling. Misjonsdagen: Dagen då vi med frimod breier det gode evangeliet, globalt og lokalt. Dagen då vi anerkjenner at kyrkja går ut frå alle til alle på kryss og tvers (og ikkje frå Vesten til resten).
- Helgetorsdag, himmelfart og himmelsprett. I dag forlet Jesus jorda for å kunne vere hos oss alltid. Det er ikkje snakk om romfart, men eit uttrykk for Jesu Kristi nærvær hos oss alle.
- Lukas er historikaren og fortel meir enn dei andre om kva som skjedde etter oppstoda. I Apg. skildrar han korleis den første kyrkja oppstod og korleis evangeliet blei spreidd utover. Kva med å bruke Helgetorsdag til gjere kyrkjelyden kjend med Apostelgjerningane? Fortelje og dramatisere korleis kristendomen spreier seg gradvis utover.
- Det heile startar med at Jesus blir teken opp til himmelen. Lukas rundar av den første delen av historieverket med at Jesus skildest frå dei og han vart *teken opp* til himmelen. (Luk 24,51). I Apostelgjerningane (1,9) står det at Jesus vart *lyft* opp og teken bort av ei sky. Begge gongane er føremålet å førebu læresveinane på at dei skal få Den heilage ande, så dei kan drive misjon.
- «Men de skal halda dykk i byen til de *blir kledde med kraft frå det høge*» (...) og «han lyfte hendene og *velsigna* dei.» «Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i *stor glede*.» Med rak rygg kan vi arbeide med medvitet om at vi har eit oppdrag. Vi kan våge det *spranget* Jesus gjorde, ved å vere til stades i verda og i andres liv.
- Dvel over orda i L2: «*Tenk ikkje med deg sjølv: Kven skal fara opp til himmelen?* – det vil seia for å henta Kristus ned, (...) det vil seia for å henta Kristus opp (...)*Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjarte.*»

Av: Kari Veiteberg
biskop i Oslo

DEN NORSKE KIRKE
Utarbeidet av Samarbeid menighet og misjon SMM - 04.2021